

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 119/2021

av 19. mars 2021

### om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstenester)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2020/1083 av 14. mai 2020 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 ved fastsetjing av kvalifikasjons- og utveljingskriteria og prosedyren for utpeiking av registereininga for toppnivådomenenamnet .eu<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/857 av 17. juni 2020 om fastsetjing av dei prinsippa som skal inngå i avtala mellom Europakommisjonen og registereininga for toppnivådomenet .eu i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg XI, etter nr. 5oab (kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004), skal nye nummer lyde:

”5oac. **32020 R 0857**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/857 av 17. juni 2020 om fastsetjing av dei prinsippa som skal inngå i avtala mellom Europakommisjonen og registereininga for toppnivådomenet .eu i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 (EUT L 195 av 19.6.2020, s. 52).

5oad. **32020 R 1083**: Delegert kommisjonsforordning (EU) 2020/1083 av 14. mai 2020 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 ved fastsetjing av kvalifikasjons- og utveljingskriteria og prosedyren for utpeiking av registereininga for toppnivådomenenamnet .eu (EUT L 239 av 24.7.2020, s. 1).”

---

(1) TEU L 239 av 24.7.2020, s. 1.

(2) TEU L 195 av 19.6.2020, s. 52.

## *Artikkel 2*

Teksta til delegert forordning (EU) 2020/1083 og gjennomføringsforordning (EU) 2020/857 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

## *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. mars 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*), eller på den dagen avgjerd i EØS-komiteen nr. 83/2020 av 12. juni 2020<sup>(3)</sup> tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

## *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 19. mars 2021.

For EØS-komiteen

***Clara Ganslandt***

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

(<sup>3</sup>) Enno ikkje kunngjord.